

Redaksjonelt

Kina-leksa

NOTM har i dette nummeret m.a. to artiklar som kvar på si vis minner oss om Kina. Dei syner at misjonsfolket trass i broten kontakt med kyrkja i Kina, ikkje har gløymt sitt kall. Gjennom 40 år har dei trufast knept sine hender i bøn for Guds rike i dette mest folkerike land på jorda. Og i det stille er det arbeidd fram ein kyrkjelyd mellom kinesarar som er komne til landet vårt. Og no i det siste har me fått eit Kina-institutt på Fjellhaug som er på leit etter nye innfallsvinklar i arbeidet for Guds rike i Kina.

Frå Kina har me med undring og takksemd høyrte om undergrunnskyrkja som fungerte trass motstand av alle slag. Me har høyrte om einskildkristne som heldt ut i forfylgjing og naud.

Samstundes har misjonsleiarane våre med uro sett at Henry Venn sine «3-sjølvs»-idéar frå førre århundre om økonomisk sjølvhjelp, sjølvutbreiing og administrativt sjølvstyre vert omtolka slik at kinesiske katolikkar bryt med Rom og at også protestantiske 3-sjølvs-kyrkjer isolerar seg frå kristne elles i verda.

I misjonsteologiske miljø andre stader i verda var det ei heil tid snakk om at me måtte ta lærdom av «Kina-leksa», at me måtte vedgå alt det galne misjonæranne hadde gjort og som førde til at dei vart utviste i slutten av 1940-åra: dei altfor mange misjonæranne som kom, dei for store misjonsstasjonane, mylderet av kyrkjesamfunn, skort på forståing av at ein i Kina stod framfor ein annan religiøs og kulturell situasjon enn i det «primitive» Afrika.

Her til lands har me ikkje vore så ivrige med i denne kanossagan. Me ser nok feila også ved norsk misjon, at me ikkje held mål stilte overfor dei veldige oppgåvene. Men me vil ikkje be om orsaking for at me går ut med evangeliet. Når Guds plog bryt nye åkrar vil røter slitna i Kina som i Norge. Evangeliet si kraft merkjer ikkje berre einskildmenneske, men også nasjonar.

Når det gjeld Kina kjenner me her til lands mindre på at me har vore for ivrige, meir at me kanskje ikkje betre nytta dei mange høve me hadde. Nett no kan me synast at me kunne ha førebudd våren betre enn me gjorde gjennom den lange Kina-vinteren.

Når me i dag i ytemisjonskretsar i landet vårt er så opptekne av spørsmålet om storbymisjon, kan me gle oss over at me har fått vore med i Hong Kong og at det opnar seg nye oppgåver for oss i

Macao. Me har fått vore med å vinna kinesarar for Gud samstundes som me har fått halde kallet til å gå inn i sjølve Kina levande mellom kinesiske kristne og oss sjølve. Me skal nett no særleg få gle oss over at MF sine studentar og lærarar har høyrte kallet og i samarbeid med norske misjonsselskap går inn i den mest strategiske sektor: utdanninga av andre kristne leiarar til storbyen Hong Kong og til millionane som ventar inne i Kina.